

# Vedtekter for Sinjarheim SA

## § 1 Bakgrunn, samanslutningsform og føretaksnamn

Sinjarheim SA er ei vidareføring og formalisering av samarbeidet som starta kring tiltaket *Sinjarheimfondet* den 25.7.2003, mellom eigar av Sinjarheim (g.nr 21 b.nr 1), Sogn jord- og hagebruksskule og Fortidsminneforeningen. I ettertid har det skjedd ein intern oppgåveflytting, slik at det no er Fortidsminneforeninga Sogn og Fjordane som har tredd inn i Fortidsminneforeningen sin stad.

Forretningskontoret til samvirkeføretaket er i Aurland kommune, 5745 Aurland. Føretaket skal registrerast i føretaksregisteret på føretaket sin kostnad.

## § 2 Føremål

Føretaket sitt føremål er å ta vare på bygningane på garden Sinjarheim og det kringliggjande kulturlandskapet, på ein måte som ivaretek antikvariske omsyn, og å delta i tiltak som fremjar tradisjonell bruk av Sinjarheim. Føretaket vil delta i informasjons- og tilretteleggingstiltak for å møte ulike brukargrupper sine behov i området, og samarbeide med andre aktørar med tilsvarande oppgåver i Aurlandsdalen. Dette for mellom anna å unngå eventuelle konflikhtar og å unngå unødvendig slitasje.

Føretaket har ansvar for å overta og vidareføre bankkontoen som Sinjarheimfondet oppretta i Aurland sparebank, og dermed dei vilkår og forpliktingar som ligg i dette.

Føretaket har ikkje erverv til føremål, og eventuelle driftsoverskot skal avsettast til utviklings- og vedlikehaldsoppgåver på eigedomen.

Føretaket kan inngå langsiktige leigeavtalar, eller eige eigedom, i Aurlandsdalen.

## § 3 Ansvar

Føretaket er ein sjølveigande, frittståande juridisk person med upersonleg og avgrensa ansvar for gjeld. Låneopptak eller tilsvarande finansieringstiltak, til finansiering av drift eller tiltak av føretaket, kan berre skje etter samtykkje frå årsmøtet, eller etter retningsliner gjeve av årsmøtet.

## **§ 4 Medlemskap**

Føretaket er danna av tre medlemmar: Grunneigaren, Sogn og Fjordane fylkeskommune ved Sogn jord- og hagebruksskule og Fortidsminneforeninga Sogn og Fjordane. Føreset at alle dei tre medlemmane er samde, så kan dei innvilge medlemskap til andre som kan samtykke i vårt føremål, jf § 2 i vedtektene, og samstundes tilføre kompetanse og ressursar til Sinjarheim.

Alle medlemmer pliktar å fylgje opp føremålet til føretaket og dei vedtak som vert gjort i føretaket. Om styret i vedtak påpeikar manglande interesse, eller motarbeiding frå ei medlemsverksemd i høve til intensjonane i § 2 og vedkommande medlem ikkje følgjer opp styret sitt vedtak innanfor oppgjeven frist, kan styret ekskludere vedkommande frå føretaket.

## **§ 5 Styret**

Føretaket vert leia av eit styre på 3 medlemmer, og to varamedlemmer. Styremedlemmene skal, med atterhald som nemnd nedanfor, vere medlemmer i føretaket. Varamedlemmene treng derimot ikkje å vere medlemmar av føretaket. Styremedlemmene og varamedlemmer vert valt for to år. Etter første året er 2 medlemmer og eitt varamedlem på val etter loddtrekning. Seinare er skiftesvis to og tre medlemmer på val kvart år. Medlemmer/varamedlemmer kan attveljast. Årsmøtet vel styreleiar og nestleiar mellom dei valde styremedlemmene for eitt år. Elles konstituerer styret seg sjølv.

Foretaket skal ikkje ha tilsett dagleg leiar, men styreleiar skal ha funksjonen som dagleg leiar, jf. Samvirkelova § 65 og har signaturrett. Styret er vedtaksført når tre av styremedlemmene, deri leiar eller nestleiar, er til stades. Vedtak i styret vert gjort med simpelt fleirtal. Ved likt stemmetal har leiaren dobbelstemme.

Styremøte skal haldast når leiar eller minst eitt styremedlem krev det. Innkalling til styremøte skal vere skriftleg og innehalde sakliste. Innkalling kan skje digitalt.

## **§ 6 Styret sine oppgåver**

Styret skal ivareta føretaket sitt føremål, og arbeide ut frå vedtektene og vedtak gjort på årsmøtet.

## **§ 7 Valnemnd**

Føretaket sitt styre skal inneha funksjonen som valnemnd.

## **§ 8 Årsmøte**

Årsmøte er føretaket sitt øvste organ. Ordinært årsmøte skal haldast innan 1.mai kvart år. Årsmøte skal innkallast skriftleg med sakliste med 2 veker varsel. Saker medlemmer vil ha opp på årsmøte og som ikkje står på saklista, må vere styreleiar i hende seinast ei veke før årsmøtet. Årsmøte vert leia av styreleiaren.

Berre medlemmer har stemmerett på årsmøtet. Kvart medlem har ei røyst. Medlemmer har høve til å late seg representere med fullmektig med skriftleg fullmakt. Ingen kan møte med meir enn ei fullmakt. Vedtak på årsmøte vert fatta med simpelt fleirtal. Ved likt stemmetal har leiaren dobbeltrøyst. Avstemminga skal vere skrifteleg om nokon krev det.

Årsmøte skal:

- 1) godkjenne innkalling
- 2) velje to medlemmer til å skrive under møteprotokollen
- 3) registrere frammøtte/godkjenne fullmakter
- 4) behandle styret si årsmelding
- 5) behandle rekneskap
- 6) behandle budsjett
- 7) fastsetje eventuell medlemskontingent
- 8) fastsetje eventuell godtgjersle til styret sin leiar
- 10) velje styremedlemmer
- 11) velje leiar og nestleiar
- 12) behandle andre saker som går fram av innkallinga eller som er meldt inn til styreleiar innan fristen

## **§ 9 Medlemsmøte**

Medlemsmøte skal haldast når styret bestemmer det eller 1/3 del av medlemmene krev det. Om innkalling og vedtak gjeld same reglar som for ordinært årsmøte.

## **§ 10 Møtereferat**

Det skal først møtereferat frå styremøte, årsmøte og medlemsmøte som skal vere tilgjengelege for laget sine medlemmer. Referat frå styremøte skal underskrivast av dei som er til stades på møtet. På årsmøte og medlemsmøte vert to medlemmer valde til å skrive under møtereferatet.

## **§ 11 Inntekter og utgifter**

Det skal ikkje betalast andelsinnskot ved innmelding i føretaket. Føretaket har ikkje kontingent ved skipinga.

Om rekneskapet viser overskot, skal dette setjast av i driftsfondet. Kostnaden med å stifte SA-et, heri registreringskostnadene i Brønnøysund, skal dekkast av SA-et.

## **§ 12 Endring av vedtektene**

Endring av vedtektene kan vedtakast i årsmøte etter framlegg frå styret med 2/3 fleirtal, med mindre det etter Samvirkelova § 54 vert stilt strengare krav.

## **§ 13. Oppløysing**

Det kan gjerast vedtak om oppløysing av føretaket med 2/3 fleirtal i eit ordinært årsmøte, etter at det er komme tilsvarande framlegg på førre årsmøte. Minst halvparten av deltakarane må vere representerte på sistnemnde møte. Møter ikkje så mange, kan framlegget vedtakast på nytt medlemsmøte med vanleg fleirtal rekna ut frå møtande deltakarar.

Ved oppløysing skal aktiva i samvirkeforetaket setjast i eit fond til fremme og ta vare på bygningane på garden Sinjarheim og det kringliggjande kulturlandskap.

## **§ 14 Samvirkelova**

Elles gjeld samvirkelova sine reglar.